

Fitjar Kyrkjeblad

Oktober – 2007
30. Årgang
Nr. 6

KRIK og KOR, fredag på Kulturhuset

Tilbod til unge frå ungdomsskulealder.

Gjennom fleire år har KRIK vore eit godt tilbod på fredagskveldane. Det er tydeleg at mange set pris på dette tilbodet, for aktiviteten er stor i idrettshallen i tidsrommet frå

kl. 20-22, då KRIK driv på. Alle kan vere med!

Ved sida av KRIK har no soknerådet teke initiativ til at det vert starta eit ungdomskor som øver i kulturhuset same kvelden. Det var tre øvingar før haustferien, og kring 20 har delteke på øvingane så langt. Her er rom for fleire. Koret har øving frå 18:30 til 20:00, slik at dei som er med og syng også kan vere med på KRIK. Huset vert stengd 22:30.

Neste gong det vert KRIK og kor er grunna haustferie og Håkonarspel ikkje før fredag 19.oktober. Vidare kvar fredag til advent. Koret startar 18:30, og KRIK 20:00.

Bli med !

Vi treng vaksne som vil vera med !

KRIK treng fleire leiarar slik at det er mogeleg å få til ein rotasjon på kven som skal vere med dei ulike fredagskveldane, og ikkje alle må kome kvar gong. Det trengst og hjelp til å vere tilsynsvakt i tida huset er ope, frå 18:30 til 22:30. Vert vi nok menneske kan vi kanskje få i gang att U-café, som var eit kafetilbod for denne gruppa i same tidsrommet.

Ta kontakt med kyrkjekontoret om du kan tenkje deg å bruke ein kveld i månaden på dette viktige og meningsfulle arbeidet!



Etter korøvinga:

”humørfyllt,
ungdommeleg
”neglelakk-kurs”,
leia av Pia.

Foto:
Håkon C. Hartvedt

